



22. august 2014

Til
Det kongelige kulturdepartementet

Dykkar ref. 14/2588

Merknader til høyringsnotat av 27. mai 2014 frå kulturdepartementet om endringar i stadnamnlova

På vegner av Universitetet i Bergen legg eg fram denne høyringsfråsegna om endringane i stadnamnlova, jf. høyringsbrev 02.06.2014.

Fråsegna er utarbeidd i samarbeid med fagmiljøet i nordisk språkvitskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE). Instituttet har eit sterkt namnefagleg miljø med ei stor namnesamling. Fagmiljøet har gjennomført fleire store namneprosjekt, det gjennomfører kontinuerleg mastergradsprojekt i namnegransking og hyser statens namnekonsulent og namnekonsulentteneste for Vestlandet.

Fleire av endringsframlegga i høyringsnotatet er positive av di dei vil kunna skapa ryddigare tilhøve, som t.d. framlegget om endra definisjon av kva eit stadnamn er. Dessutan ser vi positivt på at kategorien gardsnamn/matrikkelgardsnamn framleis vil få eit sterkt vern med omsyn til bruk og normering. Vi legg òg merke til at høyringsnotatet gjennomgåande legg vekt på at namn skal følgja godkjend normert skrivemåte.

Vi vil særleg konsentrera oss om eit særskilt prinsipp i høyringsframlegget, nemleg framlegget om å gjennomføra eit skarpt skilje mellom gardsnamn og bruksnamn. Fagmiljøet ved LLE er skeptisk til å handsama bruksnamn juridisk som eigen kategori unnateken offentleg normering.

Prinsipielle merknader

Det særnorske tilhøvet mellom etternamn og gardsnamn som to åtskilde juridiske kategoriar med prinsipiell ulik funksjon meiner vi må haldast oppe.

Kategorien etternamn ligg juridisk under lov om personnamn (2004), som er individ- og slektsorientert, og ikkje under lov om stadnamn som er normativ og fellesskapsorientert. Dette skiljet må etter vårt syn haldast oppe.

Vi er ikkje samde i at eigaren eller festaren skal ha rett til å bestemma korleis namnet på gardsbruket skal skrivast. I framlegget § 6 heiter det at eigar eller festar "har det avgjerande ordet i desse sakene".

Vi vil òg peika på at det i fleire høve er namnefagleg problematisk å skilja skarpt mellom gardsnamn og bruksnamn.

Dette individuelle eigarprinsippet går att fleire stader i framlegget. I framlegget under § 8 heiter det at skrivemåten av gardsnamn som hovudregel skal vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet, men: "Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte

og kan dokumentera at den ønskede skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan anna høyring”.

Dette er vi usamde i. Namneforma på gardsbruk bør ikkje knytast til einskildindividet sin allmenne handlefridom. Namnet på gardsbruket er eit kulturobjekt som høyrer til fellesskapet og er ein viktig del av språket vårt. Dette må ikkje skiplast av private interesser.

Framlegget varetek ikkje kulturminne- og kulturvernaspektet ved nedarva stadnamn på ein fullverdig måte.

Framlegget bryt med norsk normeringspolitikk. Normering av namn på gardsbruk bør vera i tråd med norsk språkpolitikk, og dermed med norsk rettskriving og norske rettskrivingsprinsipp. Normeringa skal vera fast, stabil og tydeleg, i samsvar med premissane for endringa av nynorsknorma i 2012.

Praktiske merknader

Om bruksnamn skal skrivast på andre måtar enn gardsnamnet, vil det kunna føra til mistydingar. Slike mistydingar kan få uheldige konsekvensar når namna vert nytta som adresser av politi, brannvesen, helsepersonell (ambulans), GPS osv.

Det vil bli praktisk problematisk å skilja mellom gardsnamn (offentleg normering) og bruksnamn (privat normering). I tillegg til dei praktiske problema dette kan føra til, kan det også resultera i at gardsnamn kan bli mindre brukte og eventuelt falla bort i bruk.

Når eitt og same namnet kan finnast i ulike skriftformer på geografiske og andre kart, og i tillegg kunna variera frå kartutgåve til kartutgåve, vil dette kunna føra både til forvirring og unødige problem knytte til praktiske tilhøve, tryggleik og økonomi.

Skiftande grunneigarar kan ha ulik meining om skrivemåten av bruksnamnet, og på denne måten kan vi få ein ekstra skriftformvariant i tillegg den variasjonen som finst på eit bestemt tidspunkt.

Sluttmerknad

Vi gjer framlegg om å ta ut alle formuleringar som knyter namngjeving av bruksnamn til eigar eller festar sine eigedomstilhøve, allmenne handlefridom eller språklege særinteresser.

Dessutan foreslår vi at bruksnamn skal takast ut av endra lov om stadnamn på den måten at dei ikkje ha status som allmenne normerte stadnamn. Bruksnamn bør ikkje brukast på offentlege kart. Under § 9. *Bruk av stadnamn*, foreslår vi å ta inn i den nye lova denne formuleringa:

Bruksnamn vert ikkje brukte på offentlege kart.

Med helsing



Johan Myking
instituttleiar